

Omtaler Kunstfagkonferanse

3.- 4. november 2022 - Bergen

TORSDAG

Kulturskulen i algoritmen sin tidsalder



Redigeringsverktøy, sosiale medier og uendeleg med instruksjonsvideoer på YouTube skaper heilt nye moglegheiter for ungdom som vil lære dans, musikk, teater, kunst og vise seg fram som unge talenter innan kunstfag. Kva skal kulturskulen sin rolle være i algoritmens tidsalder, der skiljet mellom ungdom sine ferdigheter og redigeringsverktøya sine moglegheiter er i ferd med å verte utviska. I dette åpningsforedraget viser professor Gilje kva rolle software og sosiale medier har i ungdommens sin kreative meiningsskaping. Gilje har studert unge filmskaparar over lang tid og kva som skil dei formelle læringsprosessane frå dei uformelle.

Øystein Gilje er professor i pedagogikk ved Institutt for lærarutdanning og skoleforskning og fagleg leiar for FIKS, forskning, innovasjon og kompetanseutvikling i skulen , ei eining som arbeider med kompetanseutvikling for lærar Digitale ane. Gilje si siste bok er *Læringsidentitet – elevmedvirkning i den digitale skolen*. Han har tidlegare gitt ut boka *Kunst, håndverk, teknologi og design saman med to medforfattarar*. Øystein Gilje er på twitter: ogilje.

Korleis skape eit godt psykososialt arbeidsmiljø?



Arbeidsmiljø tyder mykje for dei tilsette sin helse, motivasjon og trivsel. Kommunikasjon, samhandling og kollegastøtte er viktige faktorer som fremmer eit godt psykososialt arbeidsmiljø. I dette foredraget vert nytige tips presentert for korleis tilsette og leiarar saman kan jobbe for å skape eit godt psykososialt arbeidsmiljø.

Anne-Marthe Indregard er sykepleiar, folkehelsevetar og har doktorgrad i arbeidspsykologi. Indregard arbeider i dag som forskar ved Lovisenberg sjukhus. Ho forsker på samanhengen mellom arbeidsmiljø, tilsettehelse og sjukefråvær i yrker kor ein jobber i direkte kontakt med mennesker.

Arbeidsmiljø på agendaen



Kva er eigentleg arbeidsmiljø? Og korleis kan me sørge for at arbeidsmiljøet bidreg til å oppretthalde motivasjon og engasjement på jobben? Innan skulesektoren melder 28% av dei med fråvær, at dette heilt eller til dels er forårsaka av forhold på jobben. Kva forhold har betydning og korleis kan me førebyggje arbeidsrelatert fråvær? I 2022 retter Arbeidstilsynet særleg merksemrd på arbeidsmiljøet i undervisningssektoren, der mellom anna emosjonelle krav vert sett på.

Ingri Litleskare er seniorrådgjevar ved seksjon for kunnskapsformidling Inkluderande Arbeidsliv. Litleskare har hovudfag i sosiologi og vidareutdanning i kognitiv terapi og krise- og beredskapsleiing. Ho har erfaring frå Kriminalomsorgen, Nav og bedriftshelsetenesta.

FORDJUPING

Utvikling av eksepsjonelle ferdigheiter



Effekten av øving og kvifor nokre når eksepsjonelle ferdigheiter har interessert lærarar og trenarar i alle tider. Den enkle forklaringa på rask framgang og gode prestasjonar er ofte gode gener og talent. For trenarar og lærarar er denne forklaringa både uriktig uetisk og uprofesjonell.

Per Øyvind Torvik er Førsteamanuensis i Idrettsvitenskap. Torvik har i ei årrekke jobba som trener og lærar ved eit av dei beste utviklingsmiljø for langrennsløparar i Norge, Meråker videregående skole og Nord Universitet ved fakultet for lærerutdanning, kunst og kultur. Han har medverka til at meir en 30 langrennsløparar og skiskyttarar har nådd verdenstoppen.

Ei bru frå det anatomisk korrekte til det kunstnarisk frie



Bevisste og ubevisste kjensler kan binde muskulaturen sin lettet og fridom, men gjennom auka kunnskap om korleis psyke og fysikk samspeler ved bevisstgjering av tyngdekrafta si påverknad på pusten og på kroppen sin balanse, får ein eit verktøy til å oppretthalde muskulaturen sin optimale spenningsbalanse i musisering, dans, og arbeid med andre kunstfaguttrykk. Det gjer det mogeleg å halde den kunstneriske kanalen åpen.

Randi Elisabeth Bjerge-Sköld er førsteamanuensis i klassisk song i tillegg og diplomert lærar i Alexanderteknikk. Ho underviser og interpretasjon, kammermusikk, instrumentalmetodikk og scenisk beredskap. Verksemda til Bjerge-Sköld har vore ved Institutt for klassisk musikk og musikkpedagogikk ved Fakultet for Kunstfag ved Universitetet i Agder, ved Musikhögskolan i Malmö/Lunds Universitet og ved Norges Musikkhøgskole. Ho har vore med å byggje opp Artist-&Musikerhälsan i Malmö og er no verksam der og ved Grönby Akademi.

MANGFALD

«Normkreativt kræsjkurs» - for kulturskular som tek mangfald på alvor



«Normkreativt kræsjkurs» - for kulturskular som tek mangfald på alvor

På "Normkreativt kræsjkurs" ser me på korleis normer kan skape innanforskap og utanforskap, og jobber kreativt med korleis me kan endre dem. Målet er at det vert lettare for folk å ta del i deira kulturskule og at fleire engasjerer seg. På tvers av roller og organisasjonsformer utforsker vi korleis me kan gjera plass til større mangfald i alle deler av kulturskulen. Workshopen gjer deg nye metodar og verktøy for mangfaldsarbeid.

Sofie Søndervik Sæther er programansvarlig i JM Norway og styremedlem i GRCA - Girls Rock Camp Alliance.

DIGITALITET

Den "Skandinaviske model for digitalisering"



Høg tillit til kverandre og digital modenheit har skapt ei unik plattform i det Skandinaviske samfunn og skulesystem. Korleis kan me som musikk- og kulturskulelærarar få det beste ut av digitalisering og minske mellomrommet mellom lærar og elev/føresette? Og med mål om å skape ein kulturskule og undervisning som vert enno meir tilgjengeleg 24/7. Få med deg pedagogiske vurderinger og tekniske tips for å skape det gode digitale undervisningsmaterialet.

Henrik Ståhlberg er utdanna slagverkspedagog på Kungliga musikhögskolan i Stockholm. Ståhlberg har jobbet som slagverkslærar i Kulturskolan Stockholm og har siden 2016 jobbet med å implementere digitale verktøy på svenske kulturskular i form av foredrag og undervisning.



Fredrik Österberg er utdanna slagverkspedagog på Kungliga musikhögskolan i Stockholm. Österberg har arbejdet med digitalisering i musik undervisning i 20 år, har grundlagt både PlayAlongMusic samt StudyAlong som har revolutionert musik undervisning i Sverige. Han er ein digital pioner og har afprøvet diverse metoder med hundredvis av elever.

Thomas Reng Thomsen er commercial director i Speedadmin.



Musisering med laptop som instrument – korleis kan det gå føre seg?



Både Høgskulen på Vestlandet (HVL) og kulturskulen erfarer etterspørsel etter undervisning på laptop som instrument. I denne workshoppen skaffar me oss nokre grunnleggande røynsler med å musisere på eigen laptop med programvara Ableton Live. Mot slutten av økta diskuterer me kva utfordringar og moglegheiter me ser ved denne forma for musikkpraksis.

NB! Deltakarane lyt på førehand installere demoutgåva av programmet Ableton Live, samt laste ned prosjekt som workshopphaldaren har førebudd som døme. Ta med eige headset og mobiltelefon du kan bruke til lydopptak. Av praktiske årsaker har me eit maks tal deltakarar på workshoppen.

Øystein Røsseland Kvinge er fyrsteamanuensis i musikk ved HVL kor han underviser og rettleiar studentar på kampusane på Kronstad og Rommetveit. Ei av hans faginteresser er digitalitet, og han underviser musikkstudentar i laptop som hovudinstrument. Røsseland er og frå 2021 styremedlem i Norsk kulturskoleråd Vestland. Han er ein av fem musikkarar i Constanza Bergen Jazz Project.

FREDAG

DIGITALITET

Digitale metoder i kulturskulen



Elevane i dag er storforbrukarar av digitale medier. Skal elevane oppleve kulturskulen som relevant, lyt tilsette utforske læringspotensialet som ligg i målretta bruk av digital teknologi og utvikle ein digital didaktikk, som byggjer på den estetiske kjerna i kunstfaga.

Kurset er relevant for deg som ynskjer å vidareutvikle din merksemd og kunnskap om bruk av teknologi og digitale metoder i undervisninga. Me ser nærmare på metoder og verktøy, som er nyttige både når undervisninga skjer i fysiske møter mellom elev og lærar og når dette vert kombinert med dialog i digitale medier, og kalla blanda undervisning. Innhold:

- Bruksområder for innspelt video (asynkron kommunikasjon)
- Digitalt læringsmiljø
- Lærarrollen
- Profesjonsfagleg digital kompetanse

Håkon Kvidal er førstelektor ved Norges musikkhøgskole (NMH) der han leiar team for teknologi i læring og undervisning (TIGER) og er studieleiar for vidareutdanninga Digital didaktikk i musikkundervisninga. Han er medlem i AEC Digitisation Working Group, eit samarbeid mellom musikkonservatorier i Europa. Kvidal tek del i arbeidet med Kulturnett 3.0, eit nasjonalt prosjekt om musikkundervisning og samspel på nett via ny fiberbasert infrastruktur med minimal forsingning og høg lyd- og bildekvalitet.



Digitalt nettverk

Opprettiging av eit digitalt lærarnettverk og innspel i høve kva de som lærarar treng i vidare utvikling innan faga. Erfaringer frå dei digitale tilboda på konferansen vert del av drøftinga.

Bård Hestnes leiar for digital avdeling og Jens Nyland rådgjevar frå Norsk kulturskoleråd leier denne økta.



FORDJUPING

Erfaringsdelingssamling «Inkluderende kulturskoler»

Norsk kulturskoleråd har utarbeida strategien «Fordypning med mangfold». Som bakteppe for strategien ligg Stortingsmelding 18 – «Oppleve, skape, dele» og landstingsvedtak i Norsk kulturskoleråd. Sparebankstiftelsen DNS gir i to år stipend til om lag 24 fordjupingstiltak i Noreg.

I løpet av desse to åra tek stipendmottakarane del i samlinger både fysisk og på nett i dei ulike fylka og nasjonalt. Dette er første samling i Vestland. Det er høg forventing til så vel stipendmottakarane som til innlegg frå inviterte både frå Vestland fylkeskommune, UH-sektor og kulturskular i Vestland. Samlinga er gratis, og denne gongen er også lærarar som

underviser eller har interesse av fordjuping velkomne til å ta del. I Vestland er det etablert ei arbeidsgruppe for fordjuping med representantar frå vidaregåande skule MDD ved Langhaugen, Norges musikkorps-forbund avdeling Hordaland og Nordvest, Bergen kulturskole, Fakultet for kunst, musikk og design ved Griegakademiet, Ole Bull Akademiet og Norsk kulturskoleråd Vestland. Med denne samlinga ynskjer me og å tydeleggjere nettverka i innan fordjuping og talent.

Inviterte innleiarar og stipendmottakarar frå Vestland fylkeskommune, UH-sektor, kulturskular i Vestland tek del med innlegg.

Åste Selnaes Domaas leiar for veiledning og rammeplanutvikling, Ragnhild Skille, Stine Trondsdatter, Lisbeth Wathne Svinø rådgjevarar/



MANGFALD OG INKLUDERING

Eit mangfald av moglegheiter – inkludering av born og unge med funksjonsvariasjon



Eit mangfald av moglegheiter – inkludering av born og unge med funksjonsvariasjon

I Dialogkonferansen er hovudinnlegget frå eksterne ved stipendiat Ingrid Thunem.

Ingrid Thunem er stipendiat frå VID institutt for helse og omsorgsfag, Universitetet i Tromsø (UiT).

Ho er norsk svømmer og aktivist for personer med funksjonsvariantar. Thunem fekk ein progressiv nevrologisk sykdom i 2010 og er i dag avhengig av Brukerstyrt personlig assistanse for å leve eit fritt og likestilt liv. Ho har bachelor i spesialpedagogikk fra UiT. Hennar prosjekt som stipendiat er "Independent living assistance and sexuality: How do disabled people and their assistants navigate around sexuality, sexual health and intimacy?" Thunem er styreleiar i Unge Funksjonshemmede og har jobba aktivt med nedbyggjing av barrierer og er banebrytande i sitt syn på likestilling av personar med nedsett funksjonsevne gjennom sitt normkritiske fokus.

Dialogkonferanse om mangfald og inkludering



"Strategi for Norsk kulturskoleråds arbeid mangfold, inkludering, innenforskap" kom nyleg. Som bakteppe for strategien ligg Stortingsmelding 18 – «Oppleve, skape, dele» og landstingsvedtak i Norsk kulturskoleråd. Nordisk kulturskolemanifest har også vore viktig innan dette arbeidet og vert det og framover. Som del av dialogkonferansen om mangfald og inkludering, vert det innlegg frå inviterte innan emnet både frå eksterne, UH-sektor, Norsk kulturskoleråd Vestland og kulturskular / kommunar. Målet er å skape dialog og å få igong nettverk innan emnet.



Elin Kvernmoen og Hege Ivangen Hagedal rådgjevarar/veiledarar frå Norsk kulturskoleråd leier denne økta.



NORSK KULTURSKOLERÅD
VESTLAND